

Statens vegvesen Region vest
Firmapost-vest@vegvesen.no

Dato: 22.06.2018
Vår ref.: 2017/2859-18
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Klage frå Bygg Prosjekt AS over avslag om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 11 bnr 53 i Sund kommune

Vi viser til dykkar brev av 20.03.18 i høve nemnde sak.

Klagenemnda gjorde i møte 19.06.18 følgjande **vedtak** i saka:

Klaga vert teken til følgje. Det kan ikkje sjåast at det omsøkte tiltaket gjer ein forringelse av trafikksikkerheita målt mot dagens trafikkbilete.

Vedlagt følgjer utskrift av saksprotokollen og fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Klageinstansen sitt vedtak i klagesak kan ikkje påklagast, jf forvaltningslova § 28 3. ledd 1. punktum.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar
e. f.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i klagenemnda - 19.06.2018

Tor- André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Klaga vert teken til følgje. Det kan ikkje sjåast at det omsøkte tiltaket gjer ein forringelse av trafiksikkerheita målt mot dagens trafikkbilete.»

Røysting

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for rådmannen sitt forslag.

Vedtak

Klaga vert teken til følgje. Det kan ikkje sjåast at det omsøkte tiltaket gjer ein forringelse av trafiksikkerheita målt mot dagens trafikkbilete.

Arkivnr: 2017/2859-3
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		29.05.2018

Klage over avslag om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 11 bnr 59 i Sund kommune

Samandrag

Klagenemnda har fått til handsaming klage frå Hilleren Prosjektering AS på vegne av Atle Havneraas og Sigrid-Marthe Kleppevik, over Statens vegvesen sitt vedtak av 02.10.17 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa til fv 555 frå gbnr 11/59 i Sund kommune. Klagegrunnane er påstått brot på prinsippet om likskap i forvaltninga, og usemje i høve til SVV si vurdering av trafikktryggleiken i området. SVV har gjort greie for at alle saker som kan samanliknast har vore vurdert ut frå same kriteria, unnateke ei sak frå 2011, der SVV gjorde ein feil. Fylkesrådmannen finn at SVV, som fagetat for trafikktryggleik, gjennom sitt vedtak har følgd opp gjeldande føringar i veglova m.v.

Økonomi: Inga verknad.

Klima: Inga verknad.

Folkehelse: Positivt for trafikktryggleiken.

Regional planstrategi: Inga verknad.

Forslag til vedtak

Klage av 10.11.17 frå Hilleren Prosjektering AS, på vegne av Atle Havneraas og Sigrid-Marthe Kleppevik, over Statens vegvesen sitt vedtak av 02.10.17 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa til fv 555 frå gbnr 11/59 i Sund kommune, vert ikkje teke til følge.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.05.2018**Bakgrunn**

Klagenemnda har i brev av 20.03.17 frå SVV, fått oversendt klage av 10.11.17 frå Hilleren prosjektering AS på vegne av Atle Havneraas og Sigrid-Marthe Kleppevik (klagar), over SVV sitt vedtak av 02.10.17 i høve søknad om dispensasjon frå byggjegrensa til fv 555 frå gbnr 11/59 i Sund kommune.

Klagenemnda er klageinstans i saka, og skal gjere endeleg vedtak.

Det er i vedlegga nokre forvekslingar av gbnr 11/59 og 11/53. Saka gjeld bnr 59. Bnr 53 er ei tomt det vert vist til i eitt brev frå klagar. Fylkesrådmannen har retta nummera der dei ikkje er riktige i korrespondansen.

Tidlegare saksgong

Klaga søkte i brev av 15.08.16 om dispensasjon for utvida bruk av avkøyrsla til fv 555, og dispensasjon frå byggjegrensa for gbnr 11/59 i Sund kommune. Omsøkt minste avstand frå bustaden til fv 555 var 20 m. I grunngjevinga for søknaden heiter det m.a følgjande:

[...] Da vi skal rive eksisterende hytte på eiendom og bygge ny enebolig. Avstand frå eksisterende hytte vil vera den samme som ny enebolig [...].

I brev av 07.09.16 orienterte Statens vegvesen (SVV) klaga om at den lovheimla byggjegrensa langs fv 555 er 50 m, men at dei ser å kunne gje dispensasjon for ei byggjegrense på minimum 30 m. SVV orienterte i same brev om at avkøyrsla må oppgraderast for at dei kan gje avkøyrsløyve. På det grunnlaget oppmoda SVV søkjar om å vurdere sin plan, og gje attendemelding på om ein vil oppretthalde eller endre planen.

I brev av 21.10.16 frå ByggProsjekt AS, på vegne av klaga, vert det gjort gjeldande følgjande:

- Dei er merksam på at avkøyrsla må utbetrast, men meiner at det er Sund VA og SVV sitt ansvar å gjere dette.
- Eksisterande nabobygg er nærmare fylkesvegen.
- Ein kan oppføre støyskjerm utan å hindre sikt eller trafikktryggleik.
- Byggjegrensa var 15 m då Reguleringsplan Gang- sykkelveg Kleppe – Klokkarvik blei vedteke.

Dei ber etter dette om handsaming av denne reviderte søknaden. Etter det fylkesrådmannen kan sjå består endringa av utvida avstand mellom fylkesvegen og den aktuelle bustaden til 26 m frå vegmidte, samt etablering av støyskjerming.

I brev av 13.12.16 frå SVV står det m.a følgjande:

Statens vegvesen har tidlegare handsama søknad [...] for oppføring av bustad på gbnr 11/53¹. Det vart då søkt om dispensasjon frå byggjegrensa til Fv 555, med tanke på oppføring av bustad 17 meter frå senterlina. Vi har ikkje fatta vedtak i saka, men gjeve tilbakemelding på at vi kan akseptere ei plassering av bustaden på tomte på 30 meter.

I brev av 23.11.16 frå Byggprosjekt as har vi fått oversendt revidert søknad [...]. Det vert søkt om oppføring av bustad 15 meter frå senterlina av Fv. 555. Det vert vist til reguleringsplan [...] med 15 meter byggjegrense.

¹ Fylkesrådmannen si utheving.

Ved gjennomgang av ovannemnde reguleringsplan viser det seg at det ikkje er regulert inn nokon byggjegrænse. Det er soleis Veglova § 29 som bestemmer byggjegrænse på denne strekninga. [...]

Veglova § 29 lyder som følgjer:

Langs offentleg veg skal det vere byggjegrænser [...] dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Byggjegrænse skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

Byggjegrænse skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg [...].

[...]

For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsette strekningar settebyggjegrænse til ein mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.

[...]

I brevet frå SVV heiter det vidare:

Reguleringsplanen er vedteken i 1998 og under punkt 4.5 i planskildringa er byggjegrænse omtala: «Allment gjeld at byggjegrænse langs riksvegen er 30 meter frå senterlinja, langs fylkesveg 15 meter». Det som i planskildringa er nemnd som riksveg, var Rv 555 som i dag er Fv 555. Riksvegnettet fekk endra byggjegrænser i 1996 og gjekk då frå 30 til 50 meter. Frå 2010 vart ein del Riksvegar omklassifisert til fylkesvegar, mellom anna Fv 555 i Sund. 50 meter byggjegrænse vart vidareført på fylkesvegane. Med dette og Veglova § 29 som bakgrunn har FV 555 ei byggjegrænse på 50 meter. Det som er omtala som fylkesveg i planen er Fv 198 frå Klokkarvik til Laksen.

Reguleringsplanen har ein intensjon om ei byggjegrænse på 30 meter. Sjølv om reguleringsplanen er av eldre dato, ser vi at han på dette punktet fell saman med det Statens vegvesen har uttrykt at vi kan akseptere som byggjegrænse i denne saka, nemleg 30 meter. Vi gjer [...] merksam på Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser i Region Vest, vedteken av Hordaland fylkeskommune, der Fv 555 avsett med ei byggjegrænse på 50 meter.

[...] Omsynet til framtidig utviding av Fv 555, trafikktryggleik og gode bustadområde [...] veg [...] tungt i denne saka. [...] Ut i frå dei viktige trafikale omsyna vi skal ivareta blir ei byggjegrænse på 15 meter difor alt for nær Fv 555.

Vi ser det som tenleg å avvente handsaming av søknad om utvida bruk av avkøyrslar, til det tidspunkt ein har funne ei plassering av bustaden som er i samsvar med våre krav.

På grunnlag av denne vurderinga, gjorde SVV i same brev vedtak som lyder slik:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 vedtek vegvesenet å avslå søknad om etablering av bustad på gbnr 11/59 i ein distanse til senterlina på Fv 555 på 15 meter.

Veglova § 30 lyder slik:

Byggverk [...] må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafor byggjegrænser som er fastsette i eller med heimel i § 29.

[...]

Løyve etter første ledd gir regionvegkontoret for [...] fylkesveggar [...].

I brev av 03.01.17 sette klagar fram klage. I denne finn ein m.a følgjande tekst:

[...] Reguleringsplanen har [...] en intensjon om en byggegrense på 30 meter [...]. Byggegrensen blir dermed vidare omtalt som 30 meter.

[...] Når det gjelder støynivået så vil vi opplyse at vi har hatt campingvogn stående på tomten i syv år som har vært i bruk hele året – og vi har aldri vært plaget med støy av egen erfaring. Når det gjelder Statens vegvesens argumentasjon i forhold til støynivå kan det ikke aksepteres som holdbart. Dette er på grunnlag av Statens vegvesen avslag om støygjerde i 2011 for eiendom gnr-bnr 9-29. Bakgrunnen for avslaget var at det er lite trafikk og støy i område og at det dermed ikke var behov for støygjerde.

Når det gjelder argumentasjonen i forhold til biltrafikk er det allerede utbygd g/s-vei og trafikksikkerhet skal være ivaretatt for de myke trafikantene. Fartsgrensen er i tillegg 60 km/t. [...] ÅDT på denne veien er cirka 1500. Dermed kan ikke støy og andre miljøproblemer være et avgjørende og holdbart argument for avslag.

[...] Det er flere nyere boligbebyggelser i dette området med en byggegrense på under 30 meter. Nyetablering av gnr-bnr 10-2 fikk i 2015 godkjent en distanse til Fv 555 på 21 meter. Det skal være likebehandling av alle søknader i område [...]. Vi mener at denne forskjellsbehandlingen kan påvises ved at det er gjort en ulikebehandling i form av dispensasjoner som er gitt i område ved en byggegrense på under 30 meter. Begge de overnevnte eiendommene har fått dispensasjon etter veireformen i 2010 og ligger i samme høydekvote som Fv 555, og vil dermed være mer skjermet for støy enn de overnevnte bebyggelsene. [...]

[...]

I brev av 20.03.17 frå SVV vert alle kjende sider av saka utgreidd og vurdert. SVV oppsummerer der vurderinga slik (utdrag):

Når det gjeld plassering av ny bustad vurderer vi at det i utgangspunktet skal finne stad i ein distanse etter gjeldande regelverk, altså Veglova og det som er lagt til grunn i Rammeplanen. [...]

Samla sett vurderer vi tilkomst til gang og sykkelvegen på vestsida av Fv 555 som skuleveg og tilkomst til kollektivtilbod som både uoversiktleg og trafikkfarleg. Omsøkt plassering på 15 meter frå Fv 555, innbyr til kryssingar på trafikalt uheldig stad. Dette vil utfordre vårt faglege ansvar som i sterk grad gjeld trafikktryggleik og spesielt for mjuke trafikantar. På same måte vil 0 – visjonen om null hardt skadde og drepne i trafikken bli utfordra. Med ein dispensasjon på 30 meter vil ein truleg kunne [...] unngå moglege konflikhtar mellom mjuke trafikantar og bilistar.

[...] [V]eg fram til eigedomen på gbnr 11/53 bør finne stad mot kryss i nord [...] samt ut og innkøyring på Fv 555. Eventuell framtidig vegutviding vil få innverknad på eigedomen og ein eventuell dispensasjon i samsvar med praksis i området vil ivareta framtidig bumiljø på staden. Med dette som bakgrunn vil Statens vegvesen oppretthalde vedtak av 13.12.16 der vi avslø plassering av ny bustad 15 meter frå Fv 555.

Klaga blei difor oversendt til klagenemnda, men blei trekt av klagar kort tid før den skulle leggast fram for klagenemnda.² I staden sende klagar inn ny søknad i brev av 26.05.17. Det er inga endring i denne med omsyn til avstand til fylkesvegen, framleis ønskjer ein å byggje 26 m frå midtline. Det er i den nye søknaden konkretisert at ein også ønskjer dispensasjon for oppføring av støyskjerm 7,1 m frå fylkesvegen si midtline. I søknaden heiter det vidare m.a følgjande:

[...] Som særlig grunn for å oppnå dispensasjon vil være at ny bolig og støyskjerm ikke vil bli til hinder for sikt, eller andre forhold som truer sikkerheten ved bruk av veien. Her vises det også til eksisterende bebyggelse på naboeiendommen som er nærmere offentlig veg [...]. Etablering av støyskjerm vil heller ikke være til hinder for areal- og ressursdisponeringen i området, eller skade allmennhetens interesser. [...]

[...] Nåværende planlagte plassering anser vi må være ett godt kompromiss, spesielt med tanke på at det i praksis ikke mulig å bygge en tjenlig bolig på eiendommen dersom byggegrense på 30 m skal overholdes [...] Ny planlagt plassering vil [...] ivareta de trafikale hensyn SVV er ment å ivareta. Tar man hensyn til bebyggelse på naboeiendommer, vil det være mer enn tilstrekkelig areal for evt. Fremtidig utvidelse av veien og evt. etablering av fortau / gang- sykkelveg.

[...]

I brev av 01.02.18 frå klagar til administrasjonen, heiter det m.a følgjande:

Jeg har søkt dispensasjon til Vegvesen om å rive eksisterende bygg på 20m og føre opp ny på 26m fra FV 555.

Da har jeg flyttet hus så langt fra vei som mulig. Og det er bare det nord-vestlige hjørne som vil være 26m fra FV 555.

Sørlige del av hus vil være innenfor de 30m som vegvesen setter som det de imøtekommer.

Huset som er søkt om er tegnet inn i terrenget som et tripp trapp hus.

SVV gjorde i brev av 02.10.17 følgjande vedtak i høve søknaden:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 vedtek vegvesenet å avslå søknad om dispensasjon frå byggjegrensa til Fv 555 på 26 meter.

I SVV si grunngeving for vedtaket viser dei til omsyna dei peika på i sitt brev av 07.09.16:

- Trafikktryggleik.
- Framtidig utviding av fylkesvegen.
- Trongen for gode butilhøve.
- Gjeldande praksis for dispensasjon; frå 50 m til 30 m byggjegrense.

I brev av 10.11.17 frå klagar sin nye representant, Hilleren Prosjektering AS er sistnemnde vedtak påklaga. Det vert i brevet gjort gjeldande følgjande klagegrunnar:

- Eksisterande nabobygg er lokalisert nærmare fylkesvegen enn det omsøkte bygget.
- Oppføring av ny bustad vil ikkje vere til hinder for sikt.
- Avstanden på 26 m er tilstrekkeleg til å imøtecome trong for utviding og vedlikehald av fv 555.
- Den aktuelle egedomen er regulert til bustadferemål.
- SVV sitt vedtak er i strid med prinsippet om likskap i forvaltinga, fordi det er tidlegare gjeve dispensasjon for kortare avstand til veg enn den aktuelle avstanden.

² Jf brev av 20.06.17 frå SVV.

- Dispensasjon vil vere ein føremon for oppfølging av reguleringsplanen, ved at eigedomen eventuelt vil verte nytta til regulert føremål.

SVV har etter mottak av klaga innhenta opplysningar om alle relevante vurderingskriteria, og gjort ei ny vurdering av saka. I SVV sitt saksframlegg av 25.01.18 er moment som tidlegare er omhandla utdjupa og supplerte. Fylkesrådmannen refererer i det følgjande utdrag frå det som ikkje er lagt fram tidlegare i handsaminga:

[...] Forbi den aktuelle tomte går vegen i rett strekning over eit høgbrekk [...]. Døgntrafikken på Fv 555 på staden er opp mot 1 500 biler. Fartsgrensa på staden er skilta til 50 km/t, men truleg er nok det reelle fartsnivået noko høgare, med ei rett strekning som innbyr til høgare fart.

Fv 555 er hovudvegen gjennom Sund kommune. [...] Fv 555 har ei byggjegrense på 50 meter. [...] Vi har [...] vurdert at der ein ønskjer å byggje nye bustadar i område med busetnad frå tidlegare, har vi tillete dispensasjonar ned mot 30 meter for bustadhus. Vår vurdering har vore at med ein slik distanse kan ein klare å ivareta areal for framtidig vegutviding samstundes som trafikktryggleiken [...] vert ivareteken på ein tilfredsstillande måte. [...]

[...] Vi ser [...] det som uheldig å plassere ny bustad så tett opp til Fv 555 som det er søkt om. Dette går særleg på trafikktryggleik med fokus på barn og unge. Vår erfaring er at desto nærare fylkesvegen bustaden er lokalisert desto høgare er risikoen for at barn og unge sin aktivitet kan kome i konflikt med biltrafikken. Det er i dag mogleg å ta seg direkte frå eigedomen og ut på Fv 555. Dette vil kunne gje uheldige trafikale situasjonar, der mjuke trafikantar alltid vil bli skadelidande ved konfrontasjon med køyrety.

SVV konkretiserer så problem med sikt mellom mjuke trafikantar og biltrafikantar. Dei viser til sitt fokus på å sikre trygg skuleveg, og gjer merksam på at ein dispensasjon vil medføre eit trafikkfarleg og uønskt vegkryssingspunkt. I vurderinga heiter det vidare m.a dette:

For å kunne bruke kollektivtransport må ein også krysse FV 555 via autovern [...] Statens vegvesen vurderer det som trafikkfarleg å krysse Fv 555 på staden. Like ved staden er det registrert ei trafikkulukke med bil i 2012. Statens vegvesen vurderer at området har potensiale for trafikkulukker. Desto lenger frå fylkesvegen ein plasserer bustaden desto mindre attraktivt vil det vere å krysse Fv 555 på dette punktet, både som tilkomst til gang og sykkelveg og kollektivtilbod.

Som ein del av formålet med byggjegrensa, gjeld også formålet bruk av dette arealet til framtidig vegutviding. Dersom området aust av Fv 555 i Førdepollen vert utbygd [...] vil det til dømes vere trong for å utvide Fv 555 med tilbod til mjuke trafikantar mot aust. Fv 555 vil i ein eventuell slik situasjon kome vesentleg nærare inn på eigedomen på gbnr 11/59.

Om klagar sine merknader om brot på prinsippet om likskap i forvaltinga heiter det følgjande i SVV si vurdering:

[...] På gbnr 10/2 har Statens vegvesen gjeve eit løyve til bustad 21 meter frå Fv 555. Denne saka gjaldt eit eldre bustadhus som vart teken ned med bakgrunn i dårleg stand og nytt vart oppført på same stad. Vi kan ikkje sjå at dette er endring i vår praksis.

SVV gjer seinare i vurderinga merksam på at dei også for klagar sin del vil gje løyve for å oppføre ny hytte som erstatning for eksisterande. I SVV sitt brev heiter det så:

På gbnr 9/29 vart det i 2011 gjeve løyve for oppføring av eit bustadhus 14,5 meter frå Fv 555. Dette vurderer vi sjølvsgatt til å vere uheldig og er ein feil frå vår side. [...] Sjølv om vi her har gjort ein feil,

skal vi ikkje fortsette med å gjere feil. Vi vurderer sistnemnde som eit einskild tilfelle og at praksis etter nytt regelverk ikkje er endra, då dispensasjonar for bustadhus generelt ligg kring 30 meter på bustadar mellom Børnes og Kleppe. Så seint som i 2016 vart det sett krav [...] på Nedre Børnes på 30 meter frå senterlina av Fv 555. I desember 2017 vart det akseptert bygging av 4 bueiningar i ein distanse på 30 meter [...]. Ein dispensasjon frå byggjegrensa for nybygg under 30 meter frå Fv 555 vil skape ein uheldig presedens for framtida, noko vi ikkje ønskjer å utfordre trafikktryggleiken og 0-visjonen med.

På grunnlag av si vurdering opprettheld SVV sitt vedtak i saka, og oppmodar klagenemnda til å gjere det same.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen finn at spørsmåla om ulik handsaming av søkjarar, og om trafikktryggleik er klagegrunnane som må vurderast.

SVV har gjort konkrete vurderingar av dei to sakene som ligg til grunn for klagar si merknad om ulik sakshandsaming. SVV har også vurdert praksis i andre dispensasjonssaker i området. Etter det fylkesrådmannen kan sjå, er klagar gjeve same rett som eigar av gbnr 10/2 til å erstatte eksisterande bygning med ei ny. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det her ligg føre noko skilnad i sakshandsaminga.

Når det gjeld gbnr 9/29, blei den saka handsama annleis enn saka som her er til handsaming. SVV grunngjev dette med at det i 2011 fann stad ein feil. Då SVV kan vise til at det elles både generelt og i konkrete saker er sett krav om byggjegrense på 30 meter, set fylkesrådmannen lit til denne forklaringa. Fylkesrådmannen er samd med SVV i at ein feil ikkje kan forsvare å medvite gjenta feilen. Dette spesielt av omsyn til SVV sitt godt forankra ansvar for trafikktryggleik.

SVV har gjennom veglova, Nasjonal transportplan, fylkeskommunen sin trafikksikringsplan, Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrenser (vedteke av fylkestinget), og lovheimla handbøker for m.a vegutforming, klår instruks om å setje krav knytt til vegnettet som skal redusere risikoen for hardt skadde og drepne i trafikken. SVV har difor i sin organisasjon betydeleg fagkompetanse på dette området. Fylkesrådmannen finn at denne kompetansen veg langt tyngre enn ein einskild legpersone si vurdering. Dette gjeld ikkje minst når legpersonen har interesse av eit bestemt utfall av vurderinga. Det gjer ikkje saka betre at ein eventuell dispensasjon kan kome i konflikt med framtidig vegutviding, og at fv 555 er skuleveg. Fylkesrådmannen sluttar seg difor til SVV si vurdering av kva det vil ha å seie for trafikktryggleiken i området å gje den omsøkte dispensasjonen. Det inneber at fylkesrådmannen stiller seg bak SVV sin konklusjon.